



Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap, og lærerutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL skal vere tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har ambisjonar om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Professor i litteratur

Ved Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett er det ledig ein fast stilling i 100% som professor i litteratur. Stillinga er knytt til Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking, campus Bergen.

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett har fire institutt med tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord. Fakultetet er ein av dei største lærerutdanningsinstitusjonane i landet med rundt 6200 studentar og 550 tilsette, og tilbyr barnehagelærerutdanning, grunnskulelærerutdanning for 1.-7. og 5.-10. trinn, praktisk-pedagogisk utdanning, bachelorutdanningar, masterutdanningar og Ph.d.-program. Fakultetet har eit omfattande etter- og vidareutdanningstilbod. Forskingsaktiviteten ved fakultetet blir organisert i forskingsprogram og forskargrupper.

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking har 160 tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord. Instituttet gir undervisning på alle nivå og er involvert i barnehagelærerutdanninga, grunnskulelærerutdanningane (masternivå frå hausten 2017), og i bachelorutdanninga i teiknspråk og tolking. I tillegg gir instituttet årsstudium i engelsk, masterutdanningar i undervisningsvitenskap og masterutdanning i barne- og ungdomslitteratur. Instituttet bidrar også i Ph.D.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar.

Tilsette på instituttet er involvert i forskning som er relevant for utdanningane våre og deltar i fagleg nettverksarbeid både nasjonalt og internasjonalt. Instituttet har som mål å vere i front av skule- og profesjonsorientert kompetanseutvikling innanfor sine fagfelt. I denne samanhengen er vi i kontinuerleg samarbeid med viktige aktørar i regionen om til dømes vidareutdanning og skule- og barnehagebasert kompetanseutvikling.

Norskmiljøet i Bergen har om lag 30 tilsette, halvparten med førstekompetanse, tre professorar og fleire stipendiatar. Fagmiljøet er knytt til mange ulike forskingsgrupper, med omfattande forskingsaktivitet og utviklingsarbeid. Fakultetet har Ph.D.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar. Norskmiljøet er i tillegg til barnehagelærerutdanninga og dei femårige grunnskulelærerutdanningane for 1.-7. og 5.-10. trinn, også knytt til mastergradane i Barne- og ungdomslitteratur og Undervisningsvitenskap med fordjuping i norsk fagdidaktikk. Vi gir også ei rekkje tilbod i etter- og vidareutdanning, mellom anna innanfor lærarløftet Kompetanse for kvalitet og satsingane Kompetanse for framtidens barnehage og Desentralisert kompetanseutvikling.

Ansvars- og arbeidsområde

Stillinga er knytt til arbeid med norsk i grunnskule- og barnehagelærerutdanningane. Grunnskulelærerutdanningane blei masterutdanningar frå og med opptaket i 2017. Høgskulen har vidare det tverrfaglege Ph.D.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar, m.a. med stipendiatar som arbeider med norskfaglege avhandlingar. Det er eit mål for høgskulen å integrere forskning og undervisning i større grad.

Arbeidsoppgåvene vil dreie seg om utvikling av forskingsaktiviteten ved norskmiljøet, dessutan vidareutvikling av fagtilbod, undervisning og oppfølging av studentar. Den som vert tilsett må bidra til å utarbeide søknader om eksterne midler nasjonalt og internasjonalt. I stillinga inngår rettleiing og undervisning både i doktorgradsprogrammet og i mastergradstilboda i tillegg til undervisning i grunnutdanningane.

Den som vert tilsett, skal kunne leie forskargrupper og vere fagleg pådrivar for prosjekt og forskningssøknader, og bør derfor ha god kjennskap til aktuelle nettverk og forskingsmiljø.

Kvalifikasjonskrav

Søkaren må ha professorkompetanse i norsk/ nordisk litteraturvitenskap, litteraturdidaktikk eller tilsvarande. Den som blir tilsett må ha gode samarbeids- og formidlingsevner, men også evne til å arbeide sjølvstendig, ta initiativ og vere fleksibel. Høgt etisk medvit i møte med studentar er påkravt.

Søkaren må meistre både bokmål og nynorsk.

Det er ønskeleg at sökaren har undervisningserfaring/yrkeserfaring frå skule eller barnehage frå den norske skulen. Undervisningserfaring frå høgare utdanning er også relevant for stillinga. Det er ein fordel med solid kunnskap om norsk og nordisk barne- og ungdomslitteratur. Det er vidare positivt om sökaren har erfaring med pedagogisk bruk av IKT. Det blir vektlagt at kandidaten har erfaring med relevante internasjonale nettverk og erfaring frå søknad om eksterne forskingsmidlar.

Høgskulepedagogikk/ rettleiing

Dersom den som blir tilsett ikkje har praktisk pedagogiske kompetanse på grunnlag av utdanning eller undervisning og rettleiing må vedkommande kvalifisere seg via utdanning i høgskulepedagogikk og rettleiing innan to år frå tilsettingsdato.

Sakkyndig vurdering

Søkarar til vitskaplege stillingar blir vurdert av ein sakkyndig komité. Bedømmelsen skjer på bakgrunn av dokumentert kompetanse, inntil 15 viteskaplege arbeider. På bakgrunn av komiteens innstilling vil aktuelle søkere bli innkalt til intervju og prøveforelesning. Tilsettingsorgan er tilsettingsutval ved Høgskulen på Vestlandet.

Vi tilbyr

Stillinga som professor er lønt etter Statens lønnsregulativ, i stillingskode 1013. Frå lønnen vil det bli trukket 2 % innskudd til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spanande fagmiljø med mulighet for kompetanseheving - og utvikling
- Moglegheiter for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk denne stillinga»" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurderte med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkar sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen

Som vedlegg til søknaden må søkarar også laste opp dei vitskaplege arbeida (inntil 15 stk.) dei ønskjer å ha med i vurderinga, fullstendig publikasjonsliste, attestar og vitnemål. Søkarar bør nemne dei arbeida eller delar av arbeid som særleg skal vektleggjast ved vurderinga. Søknaden må også innehalde oversikt over vedlegg som dokumenterer søkarens pedagogiske kvalifikasjonar. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkar sjølv laste opp attesterte omsettingar. Dersom vedlegga overskrid 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggest ved som lenke.

Søknadane blir sendt elektronisk til det sakkyndige utvalet. Søknader kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

Aktuelle kandidatar til stillinga vil bli innkalla til intervju og bedne om å halde prøveforelesing

Generell informasjon

Den som vert tilsett må rette seg etter dei lover, forskrifter, instruksar og avtaler som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne.

Opplysingar om søkar kan bli gjort offentleg sjølv om søkar ber om ikkje å bli ført opp på søkarlista. Dersom førespurnaden ikkje blir tatt til følgje, vil søkar bli varsla om dette. Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Høgskulen på Vestlandet er ei I/A-bedrift.

[Heimeside](#)

Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet er:

Assisterande instituttleiar Morten Rønning 55 585931

Jobbnorge-ID: 161791, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut